

Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune

Fastsett av Kommunestyret i Ullensvang 16.10.2024 med heimel i Lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven) § 5

§ 1. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld all motorferdsel i utmark og på vassdrag i Ullensvang kommune.

§ 2. Ferdsle på vatn og vassdrag

Ferdsle med motorfartøy er berre tillate på vatn større enn 0,4 km² i særlege tilfelle i samband med:

- a) jakt og fiske*
- b) tilsyn av beitedyr
- c) for turisthytter / serveringsstader som ledd i næring
- d) kultivering av fiskevatn
- e) transport av arbeidsfolk, materialar og utstyr i samband med tillete oppføring, tilbygg eller reparasjon av bygningar og anlegg
- f) til og frå hytter utan vegtilkomst

Ved andre formål, eller vatn under minste arealet, må det søkast om løyve. For ferdsel på vatn innanfor nasjonalparken er det [forskrift 10. april 1981 nr. 4830](#) om Hardangervidda nasjonalpark som gjeld.

Denne forskrifta innskrenkar ikkje den tilgangen grunneigar og brukar har etter gjeldande rettsreglar til å forby eller avgrensa motorferdsel på eigdommen sin jamfør motorferdsellova § 10

* Grunneigarar i det enkelte vatn fastset fiskereglar. Motorisert ferdsel med båt kan skje med grunneigars løyve etter deira fiskereglar jamfør motorferdsellova §10.

§ 3. Motortype og storleik

Det er lov å nytta bensindrevet motor med inntil 10 HK (hestekrefter) på vatn større enn 0,4 km².

Elektrisk båtmotor er lov å nytta på alle vatn.

§ 4. Luftfartøy

Landing og start med luftfartøy er tillate på/ved Røldalsvatn, Ståvatn, Håvardsvatn, Valldalsvatnet, Nibbehøl, Vendeavatn, Votna, Langavatnet, Vatnalidvatnet, Veivatnet, Bersavikvatnet, Litlosvatnet, Øvste, Midtre og Nedste Krokavatn, Øvste og Nedste

Bjørnavatn, Vasslivatn, Langavatnet, Kvennsjøen, Midtre Grøndalsvatn, Vetle og Store Valgardsvatn, Holmavatnet, Øvre og Nedre Hellevatn, Nedre Longevotna, Stora Uravatnet samt innafor ei sone på maksimalt 100 meter frå desse vatna.

All transport skal utførast av personar eller selskap med luftfart som næring.

§ 5. Dispensasjon

Når særlege grunner ligg føre, kan kommunen, ved rådmannen, etter søknad dispensera frå reglane i denne forskrifta.

§ 6. Straff

Brot på reglane i denne kommunale forskrifta, eller medverknad til dette, vert straffa i høve til § 12 i [motorferdsellova](#).

§ 7. Verknadsfrist

Denne forskrifta tar til å gjelda straks den er lyst i Norsk Lovtidend.